

Studentprisen blei oppretta i 2010 med formål å fremje engasjementet til studentane i Volda. Det var Studenttinget i Volda ved leiar Karoline Strand som tok initiativet til å få på plass rammeverket og ordninga for prisen. Vedtektene var vedtatt i Studenttinget 24. februar 2010. Høgskulen og SiVolda er representert i juryen og høgskulen finansierer prisen som er på kr. 7500,- kr pr. år. Ordninga har vore i drift og prisen utdelt i ti år, vedtektene sist endra i 2017. Studentparlamentet ønsker no å revidere vedtektene og har bede HVO og SiVolda kome med innspel i høve den prosessen.

Kommentarar/innspele:

§6 – tidspunkt for nominasjon og offentleggjering, §2, her bør ein vurdere endring, då det ved fleire høve har synt seg vanskeleg å overhalde tidsfristane. April kan vere ein svært «kort» månad der påskeferie m.m. gjer at tida frå nominasjon til presentasjon av vinnar ikkje blir tilstrekkeleg. Nominasjonstidspunkt flyttast til 1. april.

§7 – innkalling av juryen, her har det vore svikt ved fleire høve. Juryen har ikkje blitt innkalla til møte. Nokon gangar har berre deler av juryen blitt innkalla. Ein har ved høve fått vite kven som har fått prisen, og beden om underskrift, utan å ha vore med på vurderinga. Her er det stort rom for forbetring og innkalling av heile juryen bør leggast inn i årshjulet til studentparlamentet.

§8 – samansetning av juryen, når det gjeld SiVolda sin representant så treng det ikkje vere tillagt ei viss stilling i organisasjonen. Her kan leiinga utnemne representant slik ein gjer til andre nemnder og utval.

Når det gjeld oppnemning av styrerepresentant frå styret i SiVolda, verkar det tungvindt og igjen lett å gløyme av, at Studentparlamentet skal oppnemne vedkomande på sitt andre møte i vårsemesteret. Foreslår at det blir styreleiar i SiVolda som blir fast medlem av juryen.

S-sak 15/20- s

Samrøystes vedtak:

Styret seier seg samde i innspela og sender det over til Studentparlamentet som høyringsuttale frå SiVolda.